

254



DET NORSKE TEATRET

C15g 112282



Ekstra lett slippers
i sort sjevråmønster
med grått for.

A.S ASKIM GUMMIVAREFABRIK

«TRE SYSTRER»

SKODESPEL I 4 AKTER

AV

ANTON TSJEKOV

Regi: Eino Kalima

Dekor: Arne Walentin

To innholdsrike ukeblader :

Allers og

Kvinner

OG KLÆR

De får kjøpt dem i alle bladutsalgssteder hver onsdag.

Fornuftig vedlikehold er lønsamt,
og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg. Eg har
fytbils einaalet av den mønsterverna TO-taburetten.



Målarmeister

A. DOLVE

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55.

**Norges Kjøtt-
og Fleskesentral**

Schweigaardsgate 2 (Kjøtthallen)
Inngang Grønlands torv

Sentralbord 68 35 00

**Norske Meieriers
Salgssentral**

Bredgt. 10 Sentralbord 681886

NATIONEN
Sandmandspostens Dagutgave

Hovedorgan for Norges Bondestand

Kr. 15,— pr. kvartal
» 5,— » mnd.




Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgt. 8

Kaffistovene

Rosenkrantzgt. 8 — Torget 8
Kr. Augustgt. 14 — Storgt. 28

OSLO



Dramatikaren Anton Tsjekov

Sidan Anton *Tsjekov* sat på Jalta og skreiv «Tre systre» sist i førre hundreåret, har dramatikken gjort mange eksperimentelle sprang for å sprengje tvangstrøya naturalismen. I vår tid er kanskje det høgaste nådd i spenjolén Garcia Lorcás poetiske drama frå andalusisk bondemiljø og i tyskaren Bert Brechts vidkjende episke drama. I England gjer T. S. Eliot og Christopher Fry interessante freistnader på å skapa eit moderne versedrama, men ved sida av skodespela til Tsjekov blir The «Cocktail Party» og «Venus Observed» upoetiske

Framhald side 7


HUSFLIT OG BYGDEKUNST



HEIMEN

HUSFLITSUTSAL

Kristian 4 des gt. 4 - Oslo



Lysekroner - Lampetter for kirke og heim
Dørvidere - Gardinholdere etter bestilling
Oppussing - Patinering

C. P. Larsen, gjørtler

1857

Tlf. 41 09 38 Ruseløkkvn. 14

BRENSEL

I sentrum

Ligger vårt lager. De får derfor en hurtig ekspedisjon hos oss

TH. FALCH & CO. EFTF.

Brenselforretning

Pilestredet 16 b Tlf. 33 22 22 — 33 25 30

**Ellinor
Svendsen** Tlf. 447384

Eks. Imperial Society of
Teachers of Dancing, London

Siste nytt i alle danser etter lengre studie-
opphold og kongress i utlandet

Capri
blomster

Alt i blomster

STORTINGS GT. 10

Framhald frå side 5

og litterære kunstprodukt. Tsjekovs dramatik verkar som detalj-rike utsnitt av kvardagslivet, plaserte på scenen, utan noko serleg plott, nokon markant og spanande hendingsgang. Likevel blir ein riven med. Oftast er menneska dei same når teppet går ned som då det gjekk opp, berre ein illusjon fattigare. Dei sit og talar saman på ein eller annen russisk landeigedom, eller rettare: dei talar ikkje *saman*, men forbi kvarandre, djupt inne frå si eiga verd av draumar som aldri går i oppfylling, av minne om ei lovande ungdomstid, som altfor tidleg tok slutt. Dei er trøytt menneske, utan livskraft: det dekadente russiske landaristokratiet som sit og filosoferer i skuggen av ein komande revolusjon, med det melankolske steppelandskapet ikring seg, akkompagnert av lette vek frå eit piano eller fjerne strengeinstrument og dragspel. Utan at dramatiske ting skjer eller blir sagde, trengjer desse fortapte menneska seg like innpå oss og vi blir *glade* i dei midt i fornedringa deira.

Endå Tsjekov aldri bryt den realistiske ramma for å få sagt store og djupe ting, men held seg til kvardags situasjonar: menneske møtest, drikk te saman, tek avskil, kjenner vi det likevel som om han konsentrerer livet i eit brennpunkt. For alle dei naturalistiske detaljane er brukte på ein unaturalistisk måte, *funksjonelt*. Og denne dramatikken, som ved fyrste augnekast kan verke laus og kaotisk, *har* si indre form, er bygd opp, eller rettare, komponert med stor artistisk meisterskap, minner om musikk i sin rytmisk-melodiske straum: tema blir tekne opp og slepte att, kjem att i alltid rikare utforming, vev seg inn i kvarandre og brusar fram

Framhald side 14

URD

Leses av hele familien!

Kr. 15,— pr. år — kr. 7,50 pr. halvår
Sverige, Danmark....kr. 15,60 pr. år
U.S.A » 20,— »

Interessant stoff — Vakre bilder

«Urd»s mønstertjeneste er enestående:
Ca. 22 snittmønstre i året for voksne og barn gratis for abonnenter.

Bli «Urd»-abonnent!

Ekspedisjon: Ø. Slottsgt. 21 — Tlf. 42 14 02

GUDIM

UTSTYR FOR MENN

Telefon 42 48 35

O S L O

Rosenkrantzgt. 21



BØNDERNES BANK A/S

OSLO — SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

Alle slags bankforretninger i Norge og utlandet

Tegn Deres livsforsikring i

GLITNE

DET er virkelig livskunst



Gjesteinstruktøren Eino Kalima

Professor *Eino Kalima*, som er spesialist på Tsjekov, har spela og spelar ei dominerande rolle i finsk teater- og kultur-liv, i ungdomen som kritikar og forfattar, sidan som sceneinstruktør og sjef for Suomen Kansallisteatteri i Helsinki (Finnlands nasjonalteater) gjennom 33 år, fram til 1950.

Som ung stipendiat studerte han slaviske språk, estetikk og litteraturhistorie i Russland i fire år (mellom andre vart han kjend med Tolstoi), like etter hundreårskiftet. Han fekk oppleva Dantsjenkos og Stanislavskis unge kunstnar-teater i Moskva, og *det* vart impulsen som dreiv han sjølv over i praktisk teaterarbeid. Då han kom heim att til Helsinki,

Framhald side 15

Det Norske Teatret kjenner De.
Lær og nynorsk presse å kjenne.

NORSK TIDEND

kjem to ganger for veka og kostar 18 kroner året.
Ting det over postgirokonto 14425, postb. 518 - Oslo.

Kaffeforretningen Valkyrien A/S

Kirkeveien 59, (Vinkelgården)

**Her i vår forretning
får De byens beste kaffe.
Nybrent hver dag.**

SKIPA



1921

OSLO NYE SPAREBANK

Rosenkrantz gate 9

Snektermester

NILS NYGAARD

Møbel- og innredningsnekkeri.

MARKVN. 30 — OSLO — TLF. 37 79 03



Tordis Maurstad



Eva Stetto



Harald Heide Steen



Urda Arneberg

Pianoer — Flygler — Orgler

Moderne reparasjonsverksted

J. W. CAPPELEN

PIANOAVDELING A/S

KIRKEGT. 15. TLF. 422687 - OSLO



«Tre systrer»

Skodespel i 4 akter av Anton Tsjekov

Sett i scene av Eino Kalima

Til norsk av Nils Sletbak

Dekorasjonane av Arne Walentin

Dei som er med:

| | |
|---|--------------------|
| Andrej Sergevitsj Prozorov | Harald Heide Steen |
| Natalja Ivanovna, og kalla Natasja (kjærasten hans seinare kona hans) | Siri Rom |
| Olga } | Eva Sletto |
| Masja } systrene hans..... | Tordis Maurstad |
| Irina } | Urda Arneberg |
| Fjodor Ilitsj Kulygin (gymnaslærer, gift med Masja) | Alf Sommer |
| Oberstløytnant Alexander Ignatovitsj Versjinin | Johan Norlund |
| Baron Nikolaj Lvovitsj Tusenbach (løytnant) | Øyvind Øyen |
| Vasilij Vasilivitsj Soljony (kaptein) | Helge Essmar |
| Ivan Romanitsj Tsjebutykin (militær-lækjar) | Edvard Drabløs |
| Alexej Pertovitsj Fedotik (sekond-løytnant) | Alf Ramsøy |
| Vladimir Karlovitsj Rode (sekond-løytnant) | Alf Malland |
| Ferapont (ein gamal portnar i kommunestyret) | Nils Hald |
| Antisa (ei gamal kvinne på åtti år) | Henny Skjønberg |

Hendingane går føre seg i ein provinsby.

Lengste opphald etter 2. akt.

Og så --
går vi på

FRASCATI



FRASCATI

Et hyggelig sted
Åpent til kl. 1

Framhald frå side 7

i større og større fylde. Det er ein dramatikkk rik på halvtonar, fylte pausar, fine nyansar, men utan stor dramatisk patos, ei dramatisk form som verka ny og sjokkerande på si samtid, som sette radikalt nye krav til teatret, til instruktør og skodespearlar. «Måsen» vart då og spela i filler på urpremieren i Petersburg, men fire år etter fekk Tsjekov oppreising, og «Måsen» steig som ein fugl Phønix or oska på Det kunstnarlege teatret i Moskva. Og så skreiv Tsjekov, som alt var merkt av døden, sine store drama og «komediær», der menneska ler gjennom gråten, sit på ruinane av ungdomsdrumane sine og skjemtar med det heile eller filosoferer om den strålende framtida menneskeslekta skal gå i møte. Som med eit usynleg røntgenapparat *ser* Tsjekov gjennom dei, ser det indre forfallet, men elsker dei høgare di djupare dei har falli i livstrøytt kraftløyse og viljens veikskap.

T. S.



Johan Norlund



Edvard Drabløs



Henny Skjønberg



Alf Sommer



Arne Walentin

Framhald frå side 9

vart han knytt til Suomen Kansallisteatteri som instruktør og subdirektør, og tre år seinare vart han sjef. I denne tida har han vori utruleg aktiv som instruktør, med over 150 framsyningar bakom seg. Til største suksessane hans høyrer tolkinga av Tsjekov, som han sjølv har sett om til finsk. Han har vori sterkt interessert i slavisk dramatikk, russisk og polsk, og har hatt stor glede av Dostojevskis: «Raskolnikov» og polakken Herbert Rostworowskis versedrama: «Gajus Caesar Caligula». Elles har han ført fram mange av dei største frå Sofokles til Anouilh, og serleg har han teki opp moderne fransk dramatikk. Når det gjeld Skandinavia, høyrer Ibsens: «Vildanden», Garborgs: «Læraren» og Kaj Munks: «Ordet» til finaste regikunsten hans.

I 1946 vart Kalima heidra med professortittel og i 1950 utnemnd til æresdoktor.

Det Norske Teatret takkar professor Kalima for fint samarbeid.

Spesialforretning i radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne en radio som passer.

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 12 måneder.

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S

ARBEIDERRADIO

Youngs gate 13, Oslo - Telefon 4207 37 *





Øyvind Øyen



Siri Rom



Helge Essmar



Nils Hald

- Fru A: Har du hørt at de har så masse billige å pene ting i den manufakturforretningen på hjørnet av Prof. Dahls gt. og Holtegt.?
Fru B: Ja, det har jeg hørt, og nå skal jeg ta en tur dit, å se om det er noe jeg har bruk for.

Gjør det De også!

Hilsen **A.S. VAREHUSET NORD**
PROF. DAHLSGT. 5
100 små skritt fra Bogstadveien



Johan Norlund og Tordis Maurstad
i «Tre systrer» (1941).

Tsjekov og teatret

Tsjekovs veg til teatret var lang og krunglut. Han skreiv alt som 18-års gymnasiast tre lange stykke, og sjølvsagt sende han dei til Nasjonalteatret i Moskva med store voner. Då han fekk avslag, vart han så mismodig at han brende opp manuskripta — lenge etter han var død fanst det att ein kladd til eitt av dei.

Det var som novellist Tsjekov skulle vinne seg diktar-namn, og det var med korte dramatiseringar av ei rekkje humoristiske noveller han slapp igjennom nålauga til teatret. Han hadde ikkje venta seg korkje ære eller pengar denne gongen, men no fekk han reint uventa bae slaga. På «Bjørnen», som kom opp i 1889 både i Petersburg og Moskva — med ei serleg framsyning på slottet for keisarinna og hoffet —, tente han 500 rublar, og han sa då til ein ven,

Framhald side 19

Et nytt ur

er kanskje på tale? La da en fagmann hjelpe Dem med valget.

J. A. KROGSTIE

Urmaker

Ullevålsveien 14 - Telefon 46 1009

Det store utvalg

i den lille butikk, like her ved Det Norske Teatret

Babette Parfymeri A/s

Stortingsgt. 18 — Tlf. 41 62 55

Vår kaffeblending vinner stadig kunder. Når kaffe er så dyr som den eri dag har kun den krav på den beste kvalitet. De kan spare 25 % av forbruket med råd fra: *Centrum Kaffe-forretning* Akersgt. 41

Stort utvalg av alle typer te, til lave priser.

Centrum Kaffe-forretning Akersgt. 41 - Telf. 332540 - 333758

BRANN KVELD,

den fyrste billegboka på nynorsk er no i handelen — ein engelsk kriminal-roman i Ragnvald Skredes omsetjing.

Pris kr. 3.50.

NOREGS BOKLAG

BOKHANDEL - PAPIRHANDEL - FORLAG

Rosenkranzgt. 8

Fr. Sudmann

FARVEHANDEL - Lille Grensen 1 - Telefon 333749

*Når De maling og lakk eller lys skal kjøpe,
bør De Sudmann i Grensen besøke.*

Framhald frå side 17

at «no har eg tent meir på denne daude bjørnen enn ein sigøyndar nokosinn har tent med ein levande».

Men nye vonbrot venta han hos den lunute Thalia. Då fyrste heilkveldstykket hans, «Måsen», kom opp på Aleksandrateatret i Petersburg, gjekk det så ille som det kunne, og han skreiv til venen Nemirovitsj-Dantjsenko, som sidan vart meddirektøren til Stanislavski: «. . . ein veldig fiasko. Teatret tevja av vondskap, lufta var ladd med hat, og eg flaug etter dei fysiske lovene bort frå Peterburg som ei bombe . . . Aldri skal eg skrive eller få fram eit stykke meir, nei, ikkje om eg lever i sju hundre år.» — Det var det nystarta teatret til Stanislavski som fekk den djupt vonbrotne diktaren til å sjå på teatret att med von og velvilje. På «Det kunstnarlege teatret» i Moskva fekk «Måsen» minst likså stor suksess som han før hadde hatt fiasko. Her vart framsyninga både til økonomisk berging for teatret og til slik ære for kunstnarane at den omstridde fuglen vart fest som symbol på sceneteppet — der han heng som ein maskott for heppe og framgang, den dag i dag.

Frå no av blir teatret så å seia alt for Tsjekov. Med ein

Framhald side 21



Frå vinstre: A. Stepanova som Irina, K. Jelandskaya som Olga og A. Tarassova som Masja i «Tre systre» 1940 på Kunstner-teatret i Moskva.

Ledende håndverks-



mestere i Oslo

FINN HANSEN

Glassmesteri - Glass-sliperi
Speilfabrikk.

Fredensborgv. 4 og 6 - *33 37 90

Alt i kjøtt og pølsevarer
Friske grønnsaker

JOHAN BREKKE A.s

ELISENBERGVEIEN 19

Deres ur

skal De kunne stole på. Derfor:
Kjøp eller reparer det hos fagfolk

M. O. Bjørnstad efft.

Leif Koppang.

Skogv. 13 Tlf. 44 20 62

SKREDDERSYDD
vil si soliditet og eleganse.

Heitmann & Henriksen

Herreskredderi

Fr. Nansens pl. 6 - Tlf. 42 56 08, 41 25 16

G. KROGSETH & Co.

BLIKKSLAGERI

Ruseløkkveien 1 — Tlf. 41 06 66

Spesialitet:

Ventilasjonsanlegg



A/S KARAT Gullsmedforretning

Torggata 10 — Oslo — Telefon 33 12 70

Skal De ha slipt gulvene?

Henvend Dem til

B. Bogens Parkettsliperi

Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

Førsteklasses arbeide garanteres.

JOHANSEN & NIELSEN

BOKTRYKKERI

Pilestredet 45 b, Oslo

Sentralbord 60 17 95

liknande suksess på «Onkel Vanja», var alle sorger sløkte, så nær som lungesjukdomen han hadde dregi på seg med han var lækjar, og som tvinga han til å bu i Jalta på Krim, der han skreiv dei to siste stykka sine, «Tre systrer» og «Kirsebærhagen». — Frå desse åra finst det ei mengd brev og utsegner frå han om teatret og skodespelarane, — eit folkeslag han lenge hadde djup mistru til. Men det betra seg mykje etter at han — til stor forbining for alle — gjorde kjent at han var trulova med henne som hadde spela Nina i «Måsen» og Jelena i «Onkel Vanja», Olga Knipper.

Ekteskapet vart ikkje berre lykkeleg, etter di dei så sjeldan hadde høve til å leva i lag. Tsjekov hadde liten hug på den lange jarnvegsreisa frå Jalta til Moskva, og den populære Olga kunne vanskeleg rive seg laus frå teatret meir enn nokre dagar i gongen. Dette førde då til dagleg brevskrivning, og den brevsamlinga Olga Knipper Tsjekov gav ut i 1922, er ei gullgruve for dei som vil bli kjend med dei daglege vanskane diktaren stridde med, ikkje minst når det galdt teatret. — Den stillfarande og nærtakande Tsjekov hadde meir enn vanskeleg for å kunna forlike seg med den uro, alt det mas og kjas som jamt lagar «atmosfære» bak kulissene, og der alle har det så annsamt med å jaga etter «lykke» og applaus: «Ja, skodespelarinne, for dykk alle — kunstnarlege skodespelarar — rekk det ikkje med vanleg, måteleg fagning. De krev bulder, salutt, dynamitt! Til slutt blir de så bortskjemde, så rusa av dette stendige pratet om suksessar, utselde eller halvfulle hus, at de blir reint forgifta, og om 2—3 år døyr de. Slike er de.» — Medan teatret prøvde på «Tre systrer» skreiv han frå Nizza: «Eg er rusta på sjela. Lagar stykket til fiasko, så reiser eg til Monte Carlo og ruinerer meg inn på berre kroppen.» — Han reiste til Algier, og det gjekk mange veker før meldinga om den strålende premieren nådde han. Kanskje var det sant som det vart sagt: Tsjekov er redd teatret. — Det var kanskje ikkje så merkeleg. Han er ikkje den fyrste store dramatikaren som har kjent teatret som lagnaden sin — på vondt og på godt. Tsjekov fekk røyne mykje av båe delane.



Alf Malland



Alf Ramsøy

En ny pelskåpe

står kanskje på Deres ønskeliste?

De kan hos meg få velge blant de nyeste, lekreste modeller. Jeg har i alle prisklasser, og hvert skinn er

utsortert av fagfolk.

Sigurd **H**eggemsnes
PELSMAKER

KARL JOHANS GATE 19 (INNG. NEDRE SLOTTSGATE)

Årets modeller i pelskåper

av alle skinnsorter til meget lave priser får De ved å konferere med oss. — Avdragsordning ordnes.

Lillepett Pels G. Lillelien & Co
SKOGV. 8 V. FROGNERV. TELEFON 44 29 10

Ledende spesialforretninger i Oslo

En gave

— av edelt metall
blir alltid husket.

ROBERT NEERBYE

GULLSMED

Bygdøy Alle 33 — Tlf. 55 03 81

Presanger

*i alle prisklasser vil De
lett kunne finne hos meg.*

H. A. NEERBYE

GULLSMED

Torggt. 2 — Telefon 33 32 35

*Stort utvalg
rimelige priser*

særpreger vår forretning. Kom
innom når De er i nærheten.

Youngsgatens

Dame- og Herreekvipering A.s

Youngsgt. 5 - Telefon 41 50 93

Anbefaler våre

kjøtt- og pølsevarer

A.s Kjøttcentralen

Karl den 12tes gt. 30 — Tlf. 42 00 95

Nefretete Parfymeri



Bogstadvn. 41 - Telefon 46 21 19

EDV. DÆHLEN

FISKEFORRETNING

Valkyrjegt. 2, tlf. 462160, 463136

Filial: Kirkevn. 129 b, tlf. 690354

Blomster

til alle anledninger. Vi
behandler hver bestilling
med spesiell interesse.

FREÉSIA

BLOMSTERFORRETNING

Sinsenterrassen 6 — Telefon 37 11 13

ALT

*i lampeskjermmateriell.
Strømper og undertøy.*

FROGNER MAGAZIN

Frognerveien 44 — Telefon 44 62 03

Angora
SWAGGERE

TMAU



Magasin
du Nord
OSLO